

Brødrene Iversens Orkester

*Mor mi står i glaset*



**Mor mi står i glaset**  
(Iversen / Hjørnevik)

---

Mor mi står i glaset, det gjer mor mi støtt  
Mor mi ser og lyttar, medan glaset står på  
gløtt

Mor ho står i glaset, ho mor ho følgjer med  
Mor mi står i glaset, om noko skulle skje

Mor mi står i glaset, mor mi passar på  
Alt som skjer i verda, det kan mor mi sjå

Mor mi står i glaset, ingen kan gå klar  
Her slepp ingen unna, heller ikkje far  
Mor mi står i glaset, ho følgjer far min tett  
Sjølv far min anar ikkje, kor mykje mi mor  
har sett

Mor mi står i glaset, mor mi passar på  
Alt som skjer i verda, det kan mor mi sjå

Ein gong far var borte, på eit helgaseminar  
var ei framand kvinne på rommet til han far  
I nattens mulm og mørke, vart det synd og  
hor  
I halmen turna faren min, og i glaset sto ho  
mor

Mor mi står i glaset, mor mi passar på  
Alt som skjer i verda, det kan mor mi sjå

**Elvelangs**  
(Iversen / Gjerdåker)

---

Der elvelangs dei for avsta`  
då dalen stod i blom,  
sitt kinn til hennar tidt han la  
ved straum av kjærleiks om

Då han sa: «Mary, sei trur du,  
me kjem att hit i lag?»  
sa Mary stilt: «Her vil eg bu,  
med deg i all min dag»

**Svigermor mi**  
(Iversen / Hjørnevik)

---

Me er samla rundt eit kaffibord  
eg og dama mi og ho svigermor,  
som dekker på med kakeslag,  
og syns me har det so kjekt i lag

Me er samla rundt eit kaffibord  
ved bordet flaumar tomme ord  
frå svigermor sin raude munn

eg trur ho likar meg i grunn  
Her sit me rundt eit kaffibord  
eg og dama mi og ho svigermor,  
som dekker på med kakeslag,  
og syns me har det so kjekt i lag

Livet mitt er berre lengt  
akk, no er eg innestengt

Me er samla rundt eit kaffibord  
der eg sit inntil ho svigermor  
i sofaen med plass for to  
er det berre plass til ho

Eg tenker ved eit kaffibord  
og gløttar bort på ho svigermor  
ho der er mor til dama mi  
som dessverre er ein tru kopi

Her sit me rundt eit kaffibord  
eg og dama mi og ho svigermor,  
som dekker på med kakeslag,  
og syns me har det kjekt i lag

Livet mitt er berre lengt  
akk, no er eg innestengt

### Eg hadde tenkt

(Jon Arne Corell / Rudolf Nilsen)

---

Eg hadde sett deg lenge der du kom  
Alltid veit eg det når du er nær  
Eg hadde tenkt å helsa lett og kaldt  
Fordi eg enno har deg altfor kjær

Slik ville eg forsvara meg med kulde  
Men og verga deg på same vis  
Så alle våre nye draumar skulle  
Som seine blomar visna inn i is

Eg hadde tenkt, men då du stansa  
Med dette hemmelege gode blikk  
Og dette fjerne smil eg veit så mykje om  
Då skjønnte eg at planen ikkje gjekk

Eg tok di hand og kjente frå dens flate  
Eit varsomt strøk det vesla kjærteikn me  
Stadig brukte i ei folksom gata  
Den gong då allting ikkje var forbi

### Ny dag

(Iversen)

---

Frosten la rim på mine kinn  
Eg bankar på ei dør der ingen slepp inn  
Stolt vil eg aldri bera nag  
Eg drøymmer om ein heilt ny dag

I skogen eg bur syng ein ulv  
Skjora sankar skrapjern, her fins ikkje sylv  
Nordavinden spelar på ei sag  
Eg drøymmer om ein heilt ny dag

Naken drøymande, til blods  
Søker eg prinsessa, rikdom og gods  
Men prinsen i meg er så vag  
Eg drøymmer om ein heilt ny dag

Du flyr som ein engel du er fri  
Så kvit, så kvit som myrull i ei anna tid  
Kanskje ein dag me flyr i lag  
Når eg står opp til ein heilt ny dag

Ein ny dag er å klø seg litt på magen  
Ein ny dag er ark me ikkje snur  
Ein ny dag er ein naken dans i hagen  
Og sankt frukt ved huset der me bur

### Vår

(Iversen / Gjerdåker)

---

Seinhaust kom med nordadrag  
Grå ligg grenda vår i dag  
Voner vågar knapt å smyga inn  
I hagen til mitt myrke sinn

Vind frå sør og vind frå nord  
Er som sysken på vår jord  
Dei bles til og frå ein evig vår  
Som skin av sola heil og klår

### Eg gjev deg min morgon

(Paxton / Iversen / Aasmul)

---

Atter ein gong gryr dagen på di kvite  
skulder  
Gjennom frose glas synes sola seg som ei  
hulder  
Ditt hår det flyter over heile puta

Om du var vaken skulle eg gje deg alt det  
der  
Eg aldri gav deg  
Men du, eg gjer deg min morgon  
Eg gjer deg min dag

Vår gardin den bylgjer svakt der sola  
strøymmer  
Langt bakom ditt auga svinner natta, der  
du drøymmer  
Du drøymmer noko fint, eg ser du småler

Om du var vaken skulle eg gje deg alt det  
der  
Eg aldri gav deg  
Men du, eg gjer deg min morgon  
Eg gjer deg min dag

Utanfor vårt glas høyres markens viser  
Som eit rastlaust barn om våren, dagen riser  
Høyr på denne song som jorda synger

Om du var vaken skulle eg gje deg alt det  
der  
Eg aldri gav deg  
Men du, eg gjer deg min morgon  
Eg gjer deg min dag

Lik sommerfugelens vengje, auga dirra  
Sola smeltar i ditt hår, rundt panna, og pirra  
Du, eg trur me flyr rett inn i sola

Om du var vaken skulle eg gje deg alt det

der  
Eg aldri gav deg  
Men du, eg gjer deg min morgon  
Eg gjer deg min dag

### Eg hadde ein gong ein båt (Trad. Herbjørn Sørebo)

Eg hadde ein gong ein båt,  
Med segl og mast og kjøl  
Men det var i gamal tid, i so gamal tid,  
Svar du meg so, kvar er han no  
Eg berre undrar, kvar er han no

Eg hadde ein gong ein draum  
Eg trudde at den var sann  
So vekte dei meg så brått, og draumen  
forsvann  
Svar du meg so, kvar er den no  
Eg berre undrar, kvar er den no

Det var ein gong ein soldat  
Han kyste si mor farvel  
Han sa til jenta si, eg kjem att ein kveld  
Svar du meg so, kvar er han no  
Eg berre undrar, kvar er han no

Det var ein gong ein by  
I parken leikte barn  
Så slepte dei bomber ned og byen forsvann  
Svar du meg so, kvar er dei no  
Eg berre undrar, kvar er dei no  
Eg hadde ein gong ein båt  
Eg drøymde ein draum ein gong  
Men det var i gamal tid, i so gamal tid  
Svar du meg so, kvar er dei no  
Eg berre undrar, kvar er dei no

### Tid å gå til ro (Croce / Gjerdåker)

Det er tid å gå til ro, eg ville ikkje vekt deg  
Men det er noko eg vil sei deg no  
Eg veit at du forstår meg  
Fann'kje rette orda kor eg prøvde gong på  
gong  
So eg seier eg held av deg i ein song

Eg veit det synes rart, men støtt når du er  
nær meg  
Får eg ikkje sagt deg det  
Eg veit at du forstår meg  
Fann'kje rette orda kor eg prøvde gong på  
gong  
So eg seier eg held av deg i ein song

## Ope visir (Iversen / Myhra)

---

Eg kjenner at hundreåra, lever i blodet mitt  
Og arven frå mange slekter, gjer stadig krav på sitt  
Kva var det dei hadde ugjort, då dei laut dra herfrå  
Sidan eg ber på slik uro, eg ikkje kan forstå?

Ubøyeleg trong til rettferd, driv meg kvar enn eg er  
Og blodet mitt brenn i harme, av dagleg urettferd  
Eg kjenner mismotet tærer, på mine sanningskrav  
Då tenkjer eg på dei døde, og bøyer ikkje av

For dei døde ber eg i blodet, og deira rettferdstrong  
Og difor blir orda mine, støtt til ein klagesong  
Helst ville eg vike unna, men dette er min lut  
Å stri med visiret ope, og leva arven ut

## Hymne til fridomen (Hymn to freedom) (Oscar Peterson)

---

Instrumental

## Brødrene Iversens Orkester *Mor mi står i glaset*

---

- |                         |                              |  |
|-------------------------|------------------------------|--|
| 1. Mor mi står i glaset | 5. Ny dag                    | 9. Tid å gå til ro                       |
| 2. Elvelangs            | 6. Vår                       | 10. Ope visir                            |
| 3. Svigermor mi         | 7. Eg gjev deg min morgon    | 11. Hymne til fridomen (Hymn to freedom) |
| 4. Eg hadde tenkt       | 8. Eg hadde ein gong ein båt |  |
- 

### Dagfinn Iversen:

*Vokal, Gitar*

### Bjarte Aasmul:

*Gitar, Bouzouki, Ukulele, Lapsteel, Kor*

### Geir Rognø:

*Bass, Perkusjon*

### Helge Fredheim:

*Trommer, Perkusjon, Antik Marchtrombone, Kor*

### Gjestemusikarar:

Christian Øvreås: *Trekkspel, munnspele og kor på Mor mi står i glaset*

Johann Sebastian Blum: *Cello på Elvelangs, Eg gjev deg min morgon og Ope visir*

Daniel Hauge: *Piano på Elvelangs, Eg hadde tenkt, Eg gjev deg min morgon, Vår, Ny dag, Eg hadde ein gong ein båt, Ope visir og Hymne til fridomen*

---

Stor takk til Ove-Jørgen Olsen, Tor Endresen, Andrea Lehman, Johannes Gjerdåker, Magne Myhra, Jon Hjørnevik, Atle Nielsen, vener, familie og alle trufaste gjester på Dyvekes Viseklubb.

Spelt inn i Dyvekes vinkjeller og Lydetaten.

Arrangert av Brødrene Iversens orkester. Produsert av Bjarte Aasmul og Daniel Hauge. Miksa av Daniel Hauge. Mastra av Geir Luedy og Erlend Fauske i Lydriktet. Coverdesign av Jonas H. Sjøvaag / [supremeconnection.no](http://supremeconnection.no)

Brødrene Iversens Orkester  
*Mor mi står i glaset*

© & © 2013 Grappa Musikkforlag AS

ISRC NOFGG1329010 - NOFGG1329110

GRAPPA